

# + KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 4 HAUST 2008

DÅ JESUS GJEKK LENGER FRAM, FEKK HAN SJÅ EIN MANN  
SOM SAT PÅ TOLBUA;  
HAN HEITTE MATTEUS.

JESUS SA TIL HAN: "FYLG MEG!"  
DÅ REISTE HAN SEG OG FYLGDE HAN.

MATT 9,9

**OSTERØY  
PRESTEGJELD  
TILSETTE/RÅD  
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset  
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00  
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81  
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no  
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

**Direkte innval:**

Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 71

**Prestane:**

Sokneprest Johannes Melve, Haus  
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21  
Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger  
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

**Kyrkjemusikk:**

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26  
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

**Kyrkjeleg fellesråd:**

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424  
Nestleiar: Anne Mari Persen  
Jostein T. Reigstad, Tove Mostrøm Fjeldstad,  
Frode Johnsen, Johannes Melve,  
Wenche Fiskesteth

**Soknerådsleiarar:**

Gjerstad: Oddmund Vevle  
Hosanger: Katja Litland  
Hamre: Tove Klepsvik  
Haus: Madli Hannisdal  
Bruvik: Johannes Melve

**Kyrkjhelsing redaksjonsnemd:**

Redaktør: Kristoffer Foldøy  
Tlf: 56 39 45 42 - 47 61 81 24  
E-mail: kristofferfo@gmail.com  
Johannes Melve, Elna Mjelstad, Øyvind Vevle  
Layout: Oda Karoline Foldøy

**ER DET MEG DU MEINER?**



Det er ein lagnadsavgjerande augneblink målaren Caravaggio har festa til lerretet på forsida. Til høgre i biletet skimtar vi to personar i bibelske antrekk som kjem inn i eit rom. Den eine av desse peikar på ein av mennene rundt bordet, som tvilande rettar fingeren mot seg sjølv : "Er det meg du meiner?"

Rundt bordet i rommet set fem menn med klede frå målaren si samtid, om lag år 1600. Dei to til venstre er så opptekne med nokre myntar på bordet at dei ikkje ensar personane som kjem inn. Dei to yngste er vaktmenn, medan personen i midten, som det heile handlar om, undrar på om det er han dei to som kjem inn vil ha tak i.

Denne episoden finn vi hjå tre av evangelistane i Bibelen. Vi kallar hendinga *Jesus kallar Matteus*. Og Jesus gjer her eit vågesamt val som han seinare blei kritisert av farisearane for: Han ber ein tollar om å vera med i flokken hans.

Caravaggio let Peter ha følgje med Jesus i si framstilling av hendinga. Lyset som fell inn i rommet, som ein lyskastar mot gruppa kring bordet, forsterkar Jesus sin dramatiske gest. Å bruka lyset slik var noko nytt i målarkunsten. Caravaggio sitt banebrytande arbeid viste veg mot den stilepoen vi kallar barokken.

Ved å nytta ulik klesdrakt skil målaren dei to gruppene på biletet frå kvarandre. Samstundes gjer han scenen tidlaus, sjølv om biletet har tittelen "Jesus kallar Matteus".

Biletet er å finna i den vakre kyrkja San.Luigi dei Francesi, den franske kyrkja i Roma. Ho ligg midt i turistløypa mellom Pantheon og piazza Navona. Er ein på dei kantar, er eit besøk å anbefala. Originalbiletet er i svært god stand, ein finn det i eit kapell saman med to andre måleri av Caravaggio som viser hendingar i apostelen Matteus sitt liv.

- Kristoffer Foldøy

# ANDAKT

ved Øyvind Vevle

”....., MEDAN DE VENTAR.”



**Langt bak i Det nye testamentet** står det eit lite brev som det er lett å oversjå. Det er Judas' brev og er truleg skrive av Jesu bror. Han presenterer seg som Jakobs bror, men Jakob var bror åt Jesus, og dermed var Judas det og. Jesu brør var ikkje blant dei som følgde han mens han gjekk her på jorda, men etter oppstoda slutta dei seg til dei kristne. Så skriv Judas til dei kristne kyrkjelydane – truleg dei jødechristne – for å åtvara dei mot vranglærarar som har snike seg inn i kyrkjelydane. Han formanar dei ”til å kjempa for den trua som ein gong for alle har vorte overgjeven til dei heilage”.

Heilt ifrå den første kristne tida har det vore ein kamp for å ta vare på evangeliet. Apostelen Peter skriv om det same i 2. Petersbrev kap. 2. Om dei falske lærarane skriv han: ”Dei er brunnar utan vatn,” ....” og dei lovar fridom, desse som sjølv trælar under forfallet. For det som ein ligg under for, det har ein og vorte ein slave av.”

Det ligg nær å dra samanlikningar med vår eiga tid. Det sterkt individualistiske draget i tida gjer at kvar enkelt vil tolka Bibelen på sin eigen måte; objektive sanningar som gjeld for alle, finst ikkje, og Bibelen sin autoritet går i oppløysing. Det gjeld om å tilfredsstilla eigen trong både åndeleg og fysisk.

Slik skal det ikkje vera blant dei truande. Judas skriv til ”dei som er kalla, dei som er elsa i Gud Fader og

berga for Jesus Kristus”. Til desse skriv han: ”Men de kjære: Oppbygg dykk på dykker høgheilage tru, bed i Den Heilage Ande, og hald dykk såleis i Guds kjærleik, medan de ventar på vår Herre Jesu Kristi miskunn til evig liv.” (v. 20 – 21). Å leva som ein kristen i denne verda er å leva i forventning. Me kan gle oss over mange ting, - i familien, i gode kulturopplevingar, i gode naturopplevingar, men det vil alltid ligga under ei forventning om det fullkomne Guds rike som ventar der framme. Der vil kristenlivet nå sitt mål, og Guds folk er frigjorde frå syndefallet sine bitre konsekvensar i denne verda.

”Oppbygg dykk på dykker høgheilage tru, ...”. Det skjer ved Guds ord. Me snakkar om oppbyggelege bøker, møte, preiker, talar; det er ved å høyra og lesa Guds ord at det vert oppbygging. Difor er det så viktig å høyra og lesa Guds ord. Der les me om at Gud har gripe inn i denne verda. Frå det første til det siste bladet i Bibelen les me om Guds gjerningar. Og evangeliet om Jesus Kristus er gjeve oss til frelse for alle som trur.

Det er så mange ting som kallar på merksemda vår i dag, så mange inntrykk som verkar på sinn og tanke. Eg trur at det er ved å bruka Guds ord flittig og be i Den heilage Ande at me får det rette synet på det som møter oss i det sterkt mediedominerte samfunnet som me lever i. Difor: Lat oss følgja oppmodinga frå Judas' brev v. 20 – 21, - medan me ventar.

# FRANK I BIBELSKE MELODILANDSKAP

**Han blir ofte ivrig, spesielt når han snakkar om musikk. Då glimtar det til bak brillene hans. Frank Peter Windt er ein engasjert pedagog og musikar. Arbeidsplassen sin har han på Osterøy ungdomsskule, dei siste åra har han også hatt delstilling i Osterøy musikkskule.**

**Tekst: Kristoffer Foldøy**

**Foto: Frode Fjellstad, BN**

På Osterøy har han blitt kjent med mange gjennom ulike musikalske prosjekt opp gjennom åra. Ikkje minst musicalane på ungdomsskulen som han i si tid var med å dra i gong, første gongen våren 1993. Sidan har det vore framføringar kvart år med store delar av avgangsklassen involvert. Frank har vore med både som musikar, dirigent, arrangør og regisør.

No er han aktuell med eit kyrkjekonsert-konsept som har tittelen "Evergreens frå Kanaan". "Kyrkjehelsing" fann ut at tida derfor var inne å presentera denne mannen her i bladet.

Det første vi spør om er kvar namnet hans kjem frå, for det kling litt framandt.

- Det har seg slik at foreldra mine, som kjem frå Holland, flytte til Noreg tidleg på 1950-talet. Fleire hollanske par hadde blitt oppfordra av ein katolsk prest til å reisa til Halden for å ta del i kyrkjelydsarbeidet der. I Halden dreiv St. Josephs-søstrene eit hospital, og dette var bærebjelken i kyrkjelyden. Så slik gjekk det til at eg kom til verda i Halden, og fekk ein grundig katolsk oppdragelse. Men det er i Holland eg har størstedelen av slekta mi.

- Interessa di for musikk viste seg kanskje tidleg?



- Ja, musikk har alltid vore hovudinteressa mi. Eg gjekk faktisk i musikkskule som barn. Halden var tidleg ute med eit slikt tilbod. Innføring av musikkskular kringom i kommunane er eit kulturelt løft vi kan vera stolte av her i landet.

- Kva instrument tok du fatt i?

- Først var det piano og så trompet. Men i ungdomstida vart gitaren det viktigaste instrumentet. Så eg tok timer i klassisk gitarspel. Eg har alltid likt å utforska ulike sjangrar, slik som klassisk, jazz, rock og så vidare.

- Kva med det vokale?

- Jo, heile familien eg kjem frå var glade i å syngja. Det blei nokre fine år i Halden guttekor saman med far og tre brør. Og allereie som tenåring tok eg



til å undervise førskuleborn i enkelt blokkfløytespel. Det var velkomne lommepengar for meg i dei dagar. Eg vart også aktivt med i teatermiljøet i Halden.

- Og så utdanna du deg til lærar.  
- Ja. Og i tillegg tok eg 2 årskurs i musikk ved Lærarhøgskulen i Bergen.

- Men kvifor flytta du til Osterøy?

- Eg måtte jo ha ein lærarjobb. Det var vanskeleg å få i Bergen på 1980 – talet. Så då to medstudentar frå Osterøy føreslo at eg kunne jo søkja arbeid der, slo eg til. Både kona mi Lis og eg er jo austlendingar. Men osterøynaturen fann vi sjarmerande. Og samstundes ligg jo byen Bergen nokså nære.

Eg fekk jobb som musikklærar på Osterøy ungdomsskule i 1986. Vi budde dei første fire åra på idylliske Raknes, før Åsen på Valestrand blei fast adresse.

- Men lat oss venda tilbake til kyrkjemusikkprogrammet.

Har du vore mykje oppteken av kyrkjemusikk?

- Eg fekk gregoriansk song inn med morsmjølka. I Halden var det eit lite kyrkjekor som vi ”måtte” vera med i. Og det tok eg neppe skade av. I studietida var eg også med på framføring av ein del sakrale verk, både i Oratoriekoret og i Bergen operakor.

- Kva er den musikalske filosofien bak ”Evergreens frå Kanaan” - konserten?

- Eg er fasinert av det enkle og geniale i folkemusikken. Som ”hollansk” møtte eg denne kulturen første gong her på Vestlandet. Så er eg gjennom jazzinteressa svært inspirert av svenske Arne Domnerus kvartett. Dei har laga ei innspeling av bedehussongar og religiøse folketonar i smakfull jazzinnpakning. Tittelen på konserten er lånt derifrå.\* Det er også spanande å forska ut den musikalske forbindelsen

mellom norske folketonar og amerikansk blues, ikkje minst slik Iver Kleive og Knut Reiersrud gjer det.

Målet for konserten er å hylla desse songane og melodiane som er med, det er stoff med usliteleg kvalitet. Og det rører tydelegvis ved oss på ein eller annan måte, sikkert ulikt frå person til person. Reint musikalsk er ønsket å visa korleis ulike folkelege sjangrar er i slekt med kvarandre.

Vi får prisa oss lukkelege over at Frank Windt tok valet med bustad og arbeidsplass på Osterøy, og at han framleis vil trivast her og vera til glede og nytte for oss også i framtida med nye prosjekt.

\*Arne Domnerus døydde i byrjinga av september, rett etter at intervjuet blei laga. Han vart 83 år gammal.



## EVERGREENS FRÅ KANAAN

Konsert med songar, salmar, viser og musikkstykke laga med bakgrunn i dei bibelske forteljingane. Ulike musikalske stilarter frå forskjellige tidsepokar er blanda i ein original mik. Musikkarrangementa er for ein stor del ved Frank Windt.

”Frida Sofie sitt husorkester” står for framføringane, saman med solistar og kor.

Til no har det vore konsertar i Gjerstad, Austrheim og Fedje kyrkjer. Planlagde framføringar er i kyrkjene på Hosanger, Lindås og Leikanger i Sogn.

## KYRKJEKAFFI I HAUS UTE I DET FRI

Tekst og foto: Madli Hannisdal

Laurdag 19 juli og laurdag 9. august i forkant av gudstenestene våre i sommar, inviterte Haus sokneråd til ein utradisjonell kyrkjekaffi i Haus utefor KIWI. Det blei servert gratis kaffi og nysteikte vaflar. Folk tok vel imot tilbodet og sette seg ned til ein liten formiddagsprat etter handlerunden. "Kostar det verkeleg ingen ting?" var eit spørsmål mange stilte. Det var tydeleg mange som sette pris på det litt spesielle tiltaket vårt, der målet vårt var ”å gjera kyrkja meir synleg”. Vi hadde og laga ein liten foldar med program og invitasjon til gudstenestene for komande haust som vi delte ut. Vi hadde også open kyrkje to laurdagar i sommar.



## ÅTVARER MOT SALMEBOKRASERING

### Tekst: Kristoffer Foldøy

Tidlegare sokneprest i Osterøy, Nils-Aksel Danbolt Mjøs, seier i eit intervju med NRK Hordaland at han er redd for ei rasinging av gamle salmar i den nye salmeboka. Eit forslag om å fjerna 300 gamle salmar og erstatta dei med 390 nye, uroar han. Mellom salmane som etter forslaget skal skiftast ut, er fleire nynorsksalmar av Elias Blix.

- Det er alt for mykje utskifting av salmar, seier Danbolt Mjøs. Alt skal liksom skje så fort no for tida. Eg er meir oppteken av salmar som eg vil ha inn att i salmeboka.

Leiaren i Norsk Hymnologisk foreining, Stig Wernø Holter, er einig.

- Eg synest at det verkar litt i overkant. Kyrkjelydane tek kanskje til å bli metta på nytt stoff no.

Sekretæren i Salmebokutvalet, Åge C. Håvik, har eit heilt anna syn på saka.

- Eg trur ikkje desse salmane vil bli spesielt sakna. Utskifting av salmar er eit positivt teikn som viser at det er godt liv i salmesjangeren.

Forslaget om nye salmar er sendt ut på høyring i utvalde kyrkjelydar. Planen er at den nye salmeboka, som kjem i to bind, skal vera klar i 2010. Ho skal erstatta "Norsk Salmebok" og supplementet "Salmer 1997".

## NY KONSESJON

Radio Osterøy har fått ny konsesjon for drifta si. Dei kan driva i sju nye år, og vil du høyra kva Alv Magnus Tysse og staben hans produserer, finn du dei på FM-bandet 104,8, på 106 eller på 103. Sendingane går tysdag, torsdag og fredag. Då er det musikkprogram frå 17.00 til 19.30. Deretter er det sending tysdag og torsdag til klokka 21.30, fredag til 20.30. Føremiddagsreprisar har dei også. Onsdag og fredag frå 09.00 til 11.00, og laurdag frå 09.00 til 10.00.

Drifta av radiostasjonen er som før basert på gåver.

## KRISTENDOMEN HENG FRAMLEIS MED

Grunnskulen i landet vårt vart i si tid lovfesta for at borna skulle læra seg å lesa, slik at dei kunne få opplæring i kristendomskunnskap og bli konfirmerte. Ein kan trygt seie at tidene har forandra seg.

### Tekst: Kristoffer Foldøy

I ein dom i Den europeiske menneskerettsdomstol 29. juni 2007, vert det slege fast at det norske faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, KRL, krenka den Europeiske menneskerettskonvensjonen. Etter berre ti års bruk i norsk skule er faget no forandra slik at det er i samsvar med vårt land sine menneskerettslege forpliktelsar.

Med verknad frå 1. august 2008 skal faget religion, livssyn og etikk erstatta KRL – faget. I formålsteksten står det mellom anna:

*Religion, livssyn og etikk er et ordinært skolefag som normalt skal samle alle elever. Opplæringsloven legger til grunn at undervisningen skal være objektiv, kritisk og pluralistisk. Det innebærer at den skal være saklig og upartisk og at de ulike verdensreligioner og livssyn skal presenteres med respekt. I undervisningen skal det ikke være forkynELSERELIGIOSUTØVELSE. Likeverdige pedagogiske prinsipper skal legges til grunn. Det innebærer at alle religioner skal behandles på en faglig og saksvarende måte ut fra sitt sær preg og mangfold.*

Vi kan leggja merke til at ordet "kristendom" ikkje lenger er med i tittelen på faget. Likevel skal kristendomskunnskap framleis ha den største kvantitative delen av lærestoffet, står det i informasjonen frå Utdanningsdirektoratet. Grunnen er alt det kristendomen har hatt å seie for landet vårt både religiøst og kulturelt gjennom historisk tid. Den kristne trua er tett bunde saman med kulturyren vår.

Så kristendommen heng altså framleis med!

# NOMINERTE TIL NY BISKOP I BJØRGVIN

Bjørgvin bispedømeråd har i møte 10. juni 2008 nominert fem kandidatar til utnemninga av biskop i Bjørgvin etter biskop Ole D. Hagesæther.

Sokneråda skal gje sin uttale innan 15. oktober om kven dei ynskjer skal overta bispestolen.

Kyrkjerådet og biskopane skal på bakgrunn av inkomne røyster gje si tilråding i november/desember. Kongen i statsråd vil kunne utnemne ny biskop i Bjørgvin i etterkant av det.



**Ivar Braut  
(52)**

Sokneprest i  
Birkeland



**Halvor Nordhaug  
(55)**

Rektor ved  
Praktisk-  
teologisk seminar  
ved Menighets-  
fakultetet



**Kjell B. Nyland  
(59)**

Generalsekretær i  
Sjømannskyrkja



**Ørnulf Elseth  
(55)**

Domprost i  
Bergen



**Kari Veiteberg  
(47)**

Bymisjonsprøst i  
Oslo

## MED "BUKKEN BRUSE" OVER HARDANGERVIDDA

Eit 60 – årsminne



"Bukken Bruse" var eit Short Sandringnam-fly, ein sivil versjon av det engelske militære sjøflyet Sunderland. Fem slike fly blei nytta til sivil ruteflyging etter krigen. Fire av dei havarerte.

### Tekst: Kristoffer Foldøy

I "Heim og kyrkja", kyrkjebladet for Hamre og Åsane, stod artikkelen under her å lesa i oktober 1948. Det er redaktøren av bladet som skriv. Artikkelen er spesiell i lys av ei tragisk flyulukke som skjedde den hausten, to dagar etter at artikkelforfattaren reiste med det same flyet. Han nemner også ulukka i artikkelen. Flyet "Bukken Bruse" styrt i Hommelvika ved Trondheim med 43 menneske om bord. 16 av passasjerane og tre av besteningsmedlemmene omkom. Det var folka som sat bakerst i flyet sin røykeavdeling som overlevde. Mellom dei var den kjende filosofen og samfunnskritikaren Bertrand Russel, som skulle til Trondheim for å halda eit foredrag i Studentsamfunnet.

Her er den delen av den 60 år gamle artikkelen som handlar om flyturen:

Som alle veit er Oslo hovudstad i Noreg. Dei som skal ha noko utført i våre dagar får i alle fall læra at alle vegar fører til Oslo. Der er mest alt som heiter kontor med offentleg administrasjon av dei ymse slag sentralisert. Der er departementi med sine kontor, der er riksantikvar og der er statskontori med toppautoritet til tildeling av ymse materialar. Såleis måtte me og fara til Oslo no når det gjaldt tildeling av kabel og elektrisk materiell til gamle Hamre kyrkja.

Beinvegen er alltid kortaste, difor tok me fly. Bil frå Bergen til Hjellestad og om bord i "Bukken Bruse", det store flotte ruteflyet med plass til over 40 ferdafolk. Det var romsleg for oss. På grunn av ruskever var mange plassar avtinga, så me vart berre fem.

Litt rart var det då flyet letta og jordi som tykjest så trygg å halda seg til vart borte under oss. Rart å kunna sjå ned på Bergen, over Eidsvåg, Sørfjorden, farvel til Valestrand og så opp gjennom skodda og skyer til me med eitt var over alle skyer og kom opp i strålende solskin med blå himmel med skylaget under oss. Det var vakkert. Ein kunne få hug til å leika snøballkrig på skybakkane.

Av Hardangerviddi fekk me berre eit par glimt i skodda og gjennom skylaget. Flyvertinna kom inn fyrste gongen med melding frå kapteinen. "Posisjon Folgefonna. Høgde 3000 meter, fart 300 km. Landar Fornebo klokka 12". Og så namnet på kapteinen.

Sidan viste ho oss tilrettes på kartet så me kunne fylgja med kvar me var. Over dei breie fagre Lierbygdene fekk me endeleg klårt utsyn og sidan var det klårt og stille til vi landa på den spegelstille Oslofjorden presis til den tid som var lova. Det var verkeleg ein finskyss.

Berre så vondt å tenkja på at to dagar seinare låg "Bukken Bruse" på 45 meter djupt vatn ved Trondheim, og at 19 ferdafolk sette livet til der. Sanneleg, der er berre eit steg mellom livet og døden.

# Perspektiv på livet

Som telefonvakt hjå Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det betre, samstundes som du får perspektiv på livet.



Vi søker kvinner og menn over 20 år som har orden på livet, tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg. Les meir på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no) eller ring 55 32 58 45

## EVERGREENS FRÅ KAANAN

KONSERT I HOSANGER KYRKJE

**SØNDAG 19.10.08**

**KLOKKA 20.00**

### **FRIDA SOFIE SITT HUSORKESTER:**

FRIDA SOFIE BORGE - VIOLIN

FRANK WINDT - GITAR, PIANO

JARLE HANSTVEIT OG JØRGEN VARDEN - TREKKSPEL

SØGNI SKÅR - SAXOFON

LIV SKOGLUND - ORGEL

KRISTOFFER FOLDØY - KONTRABASS

CHARLES SKJERPING - SLAGVERK

### **SONGSOLISTAR:**

BJØRN TORE HENRIKSEN, STINA AAKRE VEVLE, LINA VATLE SANDGREN

## **OSTERØY KYRKJEKOR**

**DIRIGENT:**

LIV SKOGLUND

**BILLETTER: 100 KR**

# JESUS I HANDLESENTRUM

**Jesus reinska tempelet i Jerusalem for salsbuer, og jaga bort handelsfolk og handlande. Han meinte handel og vandel ikkje hørde til på ein slik stad. Ein komité på Osterøy har gått den andre vegen: Teke den kristne bodskapen med seg ut mellom dei handlande.**

**Tekst: Kristoffer Foldøy  
Foto: Rune Solberg**


Arrangementet har dei kalla Jesus-festivalen. For fjerde året på rad har dei samla kreftene i Lonevåg, i beste handletid og vidare utover helga. Oppsluttinga har vore svært god, opplyser Linda Teigland Birkeland, ei av dei som har stått i leiinga. Ho trur at bortimot hundre medarbeidarar har vore i sving for å avvikla arrangementet, som var samansett av mange aktivitetar.

Gjennom "Kyrkjehelsing" vil ho gjerne takka kvar og ein for denne innsatsen.

Ideen til arrangementet hadde Siri Tysse, som ikkje minst let seg inspirera av den store tilstrøyminga ho såg det var til ulike utearrangement som gjekk føre seg i Lonevåg. Tanken bak festivalen er, som namnet seier, å fokusera på Jesus. Aktivitetane skal vera familievenlege, og også ha ein familievenleg pris, presiserer Linda.

Komiteen har medlemmer frå ulike kyrkjessamfunn: Pinsesamfunnet på Osterøy, Kristent fellesskap, Osterøy, Gjerstad sokneråd og Kristkyrkja. Det var prest Inge Sørheim som hadde gudstenesta i "Osterøyhallen", og Linda tykkte at også kyrkjekaffien etterpå var svært vellukka.

Ho seier at det nok vert festival til neste år og, same stad og same tid på året.





# DEN NORSKE KYRKJA

## Osterøy prestegjeld

## OKTOBER

**21. s. e. pinse, 5. oktober 2008: Mark 10,13-16; 1**

**Mos 2,18-24; Ef 5,25-32**

**Hamre kl. 11:** Familiegudsteneste. Sørheim.

4-årsbok. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

**Hosanger kl. 17:** Familiegudsteneste. Sørheim.

4-årsbok. Takkoffer til IKO  
(Kirkelig pedagogisk senter)

**22. s. e. pinse, 12. oktober 2008: \* T Sal 19,2-7;**

**Rom 8,31-39; Matt 11,25-30**

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Dåp.

50-årskonfirmantar.  
Prost Helge Hitland.

**23. s. e. pinse, 19. oktober 2008: Matt 18,15-20;**

**Esek 33,7-11; Ef 4,30-32**

**Haus kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. 60+ - dag.

Melv. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

**Bruvik kl. 16.30:** Gudsteneste. 50-års-konfirmantar.

Melv. Nattverd. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

**Bots- og bededag, 26. oktober 2008: Luk 13,23-30;**

**Jes 55,6-7; Gal 6,7-10**

**Gjerstad kl. 11:** Bots- og bededags-gudsteneste.  
Melv.

Helgatun. Gudsteneste i høve  
konfirmantweekend. Sørheim og  
kateket Gro Eman.

## NOVEMBER

**Helgemesseaftan, laurdag 1. november 2008:**

**Hosanger kl. 16:** Minnegudsteneste. Sørheim.

Forsongarar frå Osterøy kyrkjekor.

**Gjerstad kl. 17:** Minnegudsteneste. Melve.

Forsongarar frå Osterøy kyrkjekor.

**Hamre kl. 18:** Minnegudsteneste. Sørheim.

Forsongarar frå Osterøy kyrkjekor.

**Helgemesse (Allehelgensdag), 2. november 2008:**

**\* T Åp 21,1-7; Jes 60,18-22; Matt 5,13-16**

**Haus kl. 11:** Høgmesse.

Fellesgudsteneste for alle 5 sokna på  
Osterøy. Nattverd. Melve. Sørheim.  
Innviing av ny mesehakel.  
Osterøy kyrkjekor.

**26. s. e. pinse, 9. november 2008: Luk 17,20-30;**

**Am 4,6-8.12-13; 1 Tess 5,1-5**

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Takkoffer til Norsk misjon i øst.

**Bruvik kl. 11:** Familiegudsteneste. Osterøy  
sundagsskulelag. Utdeling av  
kyrkjebok til 4-åringane. Melve.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Kyrkjekaffi.

**27. s. e. pinse, 16. november 2008: Matt 13,31-33;**

**Sal 98; 1 Kor 15,24-28**

**Gjerstad kl. 11:** Familiemesse. Nattverd.

Sundagsskulens dag. 4-årsbok.  
Rolf Eivind Monsen.

**Haus kl. 19:** Ungdomsgudsteneste. Inge Sørheim og  
kateket Gro Eman.

**Siste sundagen i kyrkjeåret (Domssundagen), 23.  
november 2008: Matt 25,1-13; Jes 51,11-15; Åp  
22,12-17**

**Hamre kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Vikarprest  
Rolf Eivind Monsen. Takkoffer til  
Redd Barna.

**Haus kl. 16:** Familiemesse. Nattverd.

Sundagsskulens dag. Prostiprest  
Rolf Eivind Monsen.

**1. sundag i advent, 30. november 2008: \* Jes  
62,10-12 Rom 13,11-14; Matt 21,1-9**

**Hosanger kl. 11:** Familiemesse. Nattverd.

Fellesgudsteneste for alle 5 sokna  
på Osterøy. Melve. Sørheim.  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**Haus kl. 19:** Lysmesse. Melve. Kateket Gro Eman.

## **DESEMBER**

**2. sundag i advent, 7. desember 2008: Luk 21,25-  
33 Mal 3,17-4,2a; Rom 15,4-7**

**Hamre kl. 17:** Lysmesse. Konfirmantane. Sørheim.

**Gjerstad kl. 19:** Lysmesse. Konfirmantane.

Vikarprest Rolf Eivind Monsen og  
kateket Gro Eman.

**Hosanger kl. 20:** Lysmesse. Konfirmantane.  
Sørheim. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

**3. sundag i advent, 14. desember 2008: Matt 11,2-  
10 Jes 35,3-10; 1 Kor 4,1-5**

**Gjerstad kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

**Bruvik kl. 17:** Lysmesse/julekonsert.  
Kateket Gro Eman. Osterøy  
kyrkjekor. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

**4. sundag i advent, 21. desember 2008: Joh 1,19-  
27 Jes 52,7-10; Fil 4,4-7**

**Tysse bedehus kl. 11:** Gudsteneste. Sørheim.  
Takkoffer til Radio Osterøy.

**Hamre kyrkje kl. 17:** Julekonsert. Tilskipar  
Valestrand musikklag.

**ulaftan, 24. desember 2008: Luk 2,1-14 Mi 5,1-  
a**

**Bruvik kl. 12,30:** Familiégudsteneste. Melve.  
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

**Hosanger kl. 14:** Familiégudsteneste. Sørheim.  
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

**Gjerstad kl. 14,30:** Familiégudsteneste. Melve.

**Hamre kl. 16:** Familiégudsteneste. Sørheim.  
Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

**Haus kl. 16:** Familiégudsteneste. Melve.

**Juledag, 25. desember 2008: Joh 1,1-14 Jes 9,2-3  
.6-7; Hebr 1,1-5a**

**Haus kl. 11:** Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Melve.

**Hamre kl. 12:** Høgtidsgudsteneste. Nattverd.  
Sørheim.

**Andre juledag (Stefanusdagen), 26. desember  
2008: Matt 10,17-22 Jer 1,17-19; Apg 6,8-15**

**Gjerstad kl. 11:** Høgtidsgudsteneste. Nattverd.

Sørheim. Vikarprest Rolf-Eivind Monsen.  
Osterøy kyrkjekor.

**Sundag etter jul, 28. desember 2008: \* Gal 4,4-7  
Jes 63,7-9; Luk 2,25-38**

**Bruvik kl. 11:** Høgmesse. Nattverd. Melve.  
Takkoffer til Misjonsselskapet.

**Nyårsnatt, 31. desember 2008: Luk 13,6-9 Sal  
103,1-4,8-12; 1 Joh 1,5-7**

**Hosanger kl. 23,15:** Midnattsmesse.

Fellesgudsteneste for alle 5  
sokna på Osterøy. Sørheim.

**50 - årskonfirmantane vert inviterte til  
desse  
gudstenestene:**

**Hosanger - 7. september kl. 11**

**Haus - 14. september kl. 11**

**Hamre - 28. september kl. 11**

**Gjerstad - 12. oktober kl. 11**

**Bruvik - 19. oktober kl. 16,30**

# TRO



Denne gangen vil jeg gjerne dele med dere noen tanker omkring ordet ”tro”. Det kan lett ligge en del usikkerhet i ordet. Men i vår kjære Bibel står det kjente verset i Johs. 3.16:”For så har Gud elsket verden, at han gav sin sønn, den enbårne, for at hver den som tror, ikke skal gå fortapt men ha evig liv.” Verset kalles Den Lille Bibelen. De fleste voksne nordmenn har vel hørt eller lest det, men å tro på ordene er det som skaper problem for mange. Når jeg nå i mitt 69. år ser tilbake på livet mitt, kan jeg dele det opp i fire faser: Troens år – skepsisens år – tvilens år, og til slutt troens år igjen.

Den første troens fase var også visshetens fase. Den begynte i 3-4 års alderen. På søndagsskolen fikk jeg høre de fantastiske historiene om Jesus, Guds sønn, det snilleste mennesket som har vandret her på jorden. I barnetroens år var troen min klippefast.

Skepsisens fase startet vel i 12 – 14 årsalderen. Styrken på troen ble omvendt proposjonal med skolekunnskapen. I kristendomstimene fikk jeg samme lærdom som på søndagsskolen. Men i naturfag lærte vi at ingen kvinne kunne bli gravid uten gjennom kontakt med en mann, så jomfrufødsel var en umulighet. Og selv sagt kunne ingenstå opp fra de døde, det var en fysisk umulighet. Dessuten fikk jeg en ide om at å være kristen betød at jeg måtte bli et ”hengenhode”, og gi avkall på en masse av livets glede. Jeg konkluderte med at troen krevde for mange forsakelser. Broren min og jeg var de eneste guttene der i gaten som kom fra et kristent hjem, og vi fikk stadig spitorde slengt i oss fra de andre.

På den tiden fornekktet jeg Kristus atskillige flere ganger enn salig Peter hin påskennatt.

Tvilens fase begynte langt opp i voksen alder, i årene jeg reiste verden rundt som sjømann. Erkjennelsen av hvor liten jeg var fikk jeg ikke minst ombord i en gammel balje av en båt med en alkoholisert kaptein i en vinterstorm i nord-Atlanteren. Overfarten tok 21 døgn og da vi nærmet oss den amerikanske kysten gikk alle pumper om bord for fullt. Jeg er ganske sikker på at jeg ikke var den eneste om bord som sendte bønner til Jesus Kristus. Da vi var trygt i havn, gikk imidlertid både bønnene og Kristus i glemmeboken. Vi var jo berget takket være godt, norsk sjømannskap.

Det som til slutt fikk revet ned det ateistiske panseret som omsluttet meg, var kontakten jeg etter hvert fikk med Sjømannskirken. Deres omsorg og glede fikk meg over i den neste troens fase. Ringen var sluttet. Jeg fant tilbake til min gudstro. Likevel svirret tankene om de fysiske lovene i hodet mitt. Var de riktige? Selvfølgelig gjelder de fysiske reglene for oss mennesker. Men for Gud er dette annerledes, disse lovene er faktisk skapt av Ham.

Egentlig er det en fase til, som jeg vil kalle visshetens øyeblink. Det øyeblinket vil vi alle få oppleve. Vær derfor beredt!

God høst.  
Einar J. Selvik

## Slekters gang

### HAUS

#### **Døypete:**

11.05. Jørgen Tømt Kalberg (Bryne kyrkje)

15.06. Jonas Gerhadsen (Busett Bergen)

15.06. Ida Vatle Nesthus

15.06. Lene Karin Skår

20.07. Linnea Helene Hella Torgersen

#### **Vigde:**

28.06. Frøydis Hernar og Jan Tore Veland

23.08. Kjersti Rydland og Bjørn Tore Kronen Taranger (Fana)

#### **Gravlagde:**

29.08. Malvin Beckstrøm (f.1923) (Indre Arna)

### GJERSTAD

#### **Døypete:**

02.05. Åshild Flesland

08.06. Vegard Røskeland Yndesdal (Hamre kyrje)

29.06. Linea Lohne (Hosanger kyrje)

29.06. Jonas Myking (Hosanger kyrje)

29.07. Linn Geitrheim Rongved (Hosanger sokn)

24.08. Johannes Kjelvik Vevle (Fyllingsdalen sokn)

#### **Vigde:**

12.07. Camilla Beate Rød og Gisle Låstad

#### **Gravlagde:**

04.07. Sofia Fossdal (f.1922)

18.07. Hans Ingolf Sæterstøl (f.1920) (Fyllingsdalen)

01.08. Birger Hartveit (f.1941)

### HOSANGER

#### **Døypete:**

29.06. Jonas Myking (Gjerstad sokn)

29.06. Linea Lohne (Gjerstad sokn)

29.07. Linn Getrheim Rongved (Gjerstad kyrkje)

#### **Vigde:**

06.06. Tone Solberg og Stig Jostein Loftås

07.06. Christine Nilsen og Jonny Merkesvik

14.06. Annie Olsen Nøttveit og Håvard Fotland

21.06. Hilde Aagesen og Frode Fitjar (Hamre sokn)

08.08. Gitte Mari Rossland og John Jørgensen

16.08. Kristin Ruud og Per Erik Myking

#### **Gravlagde:**

13.06. Håkon Magnus Indahl ((f.1929) (bisett))

20.06. Inger Marit Vassdal (f.1948)

06.08. Ingrid Lillejord (f.1914)(Bergen)

08.07. Olav Fossdal (f.1915)

### BRUVIK

#### **Døypete:**

22.06. Henriette Linnea Faugstad (Salhus sokn)

#### **Gravlagde:**

15.07. Magnus M Seilen (f.1924)

18.06. Bjørg Aud Vassdal (f.1927)

### HAMRE

#### **Døypete:**

08.06. Anne Marie Flatås Larsen

08.06. Henrik Mjelstad Bernes

08.06. Vegard Røskeland Yndesdal (Gjerstad sokn)

08.06. Sofie Tveiten Enger (Arna)

06.07. Lucas Romslo Tyssebotn

10.08. Maria Hermine Berentsen (Sverige)

10.08. Emma Fjellskålnes (Gjerstad sokn)

#### **Vigde:**

02.08. Cecilie Smith og Tormod Svanevik Furuseth (Bergen)

08.08. Ann Kristin Mjelde og Nils Olav Edvardsdal

#### **Gravlagde:**

02.07. Adelheid Karin Hansen (f.1936)(Åsane kirke)

12.08. Bergit Raknes (f.1913)

## NYE ANDLET



Vi er glade for at vi kan ynskja kateket **Gro Eman** velkommen.

Ho har nettopp flytta tilbake til Arna, den bygda ho vaks opp i. Til no har ho arbeidd som kateket i Bryne og Nærø på Jæren.

Gro Eman skal vere konfirmantlærar i Gjerstad, Haus og Bruvik dette året.

Det er Bjørgvin bispedømme som har tilsett ho i 30% stilling, for midlar som er frigjort av di sokneprest Johannes Melve har teke ut noko AFP-pensjon.



**Rolf-Eivind Monsen** vert vikarprest på Osterøy i ca. 20% stilling, i første omgang fram til nyttår. Rolf-Eivind er 40 år, busett i Salhus og er tilsett som prostiprest i Nordhordland. Han har tidlegare vore sokneprest i Bremanger og vikarprest i Kvam.

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**

EIT MENNEKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

### MEIR AV ALT!

Det ligg i oss: Vi ser det som positivt når det aukar og veks rundt oss. Høgare løn, fleire fjernsynskanalar, meir tilflytting til Osterøy.

Vi vil gjerne ha meir av alt. I lokalavisa "Bygdanytt" har det no gått ein serie om turistnæringa på øya vår. Korleis kan vi lokka fleire turistar hit, spør dei. Intervjuobjekta har ulike løysingar på korleis dette skal ordnast. Og alle er einige i at vi må få mange fleire, for vi har så mykje å visa fram. Dessutan skal det liggja ein stor økonomisk vinst i turisttrafikken.

Når lukka alltid skal liggja i noko som kan bli ein gong i framtida, kan mismodet og uroa lett breia seg. Vi lever i ei tid som meir enn nokon gong gjer oss høve til sjølvrealisering. Vi kan tillata oss ting generasjonane før oss aldri kunne. Lat oss innimellom det daglege strevet glede oss over det!

Og dei som attpåtil har overskot til å senda inn stoff til "Kyrkjehelsing", må gjera det innan **01.11.**  
Send det til Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.  
E-mail: [kristofferfo@gmail.com](mailto:kristofferfo@gmail.com)